



Notat

Dato: 15.05.2015
Arkivsak: 2014/1299-12
Saksbehandlar: gunradd

Til: Karoline Eldøy

Frå: Gunhild Raddum

Uttale frå samferdselsavdelinga

Statens vegvesen har på høyring forslag til kommunedelplan og konsekvensutreiling – ny trase på E134 Bakka – Solheim. Den nye vegen skal ha god framkome og høg trafikktryggleik. Traseen er lagt utanom tettstadane og difor er det lagt opp til at lokal kollektivtrafikk følgjer «gamlevegen». I utgangspunktet er Samferdselsavdelinga/Skyss einig i ein slik løysing, men vi ønskjer å bli invitert inn i utforming av kryssa. Behov for haldeplassar for lokale bussar vil mellom anna vere avhengig av korleis dei kommersielle selskapa vil køyre. Vidare er det av interesse for samferdselsavdelinga å være i dialog med Statens vegvesen kring påkoplinga mellom E134 og fylkesveg.